



Smittesaneringsprosjektet
FRISKERE GEITER 

Til geiteprodusentar i Noreg

September 2003

Interessert i friskare geiter?

De får her eit brev og eit spørjeskjema.

Helsetjenesten for geit og smittesaneringsprosjektet "Friskere geiter" driv no med planlegging av neste fase med smittesanering, og vi treng informasjon og synspunkt frå dykk.

Vi vil be dykk om å lesa brevet, fylle ut skjemaet og sende det tilbake så snøgt de kan. Dersom de alle gjer det, viser det at det er stor interesse for smittesanering blant geiteeigarane, og vi vil få eit svært nyttig hjelpemiddel i det vidare arbeidet med å betre geitehelsa.

De vil altså hjelpa dykk sjølve, oss i helsetjenesten for geit og heile geitenæringa.

Det vanskelegaste spørsmålet er truleg det om sjukdom. Særleg viktig her er spørsmålet om byllesjuka. Dersom de har problem med desse spørsmåla, vil det vera nyttig å snakke med dyrlegen lokalt. De kan også ringe direkte til prosjektleiar for "Friskere geiter" Nils Leine, tlf 61367240.

Men prøv å fylle det ut sjølv om de er usikre.

På førehand takk!

Helsing Helsetjenesten for geit* og smittesaneringsprosjektet "Friskere geiter"

Svarfrist: 11. oktober 2003!

Send svaret til :

TINE BA,
Boks 58,
1431 Ås



Til geiteprodusentar i Noreg

September 2003

Status for smittesanering

Det er no to år sidan vi sende ut brev til alle geitemjølkeprodusentar om at vi gjekk i gang med smittesanering på geit. Det tok ikkje lang tid etter at brevet var kome fram til mottakarane før dei fyrste interesserte melde seg. No er 23 buskapar med i "Friskere geiter", 19 har sanert, og dei siste fire vil sanere denne sesongen.

Resultata frå saneringa er svært gode, og det er ingen teikn til at det er nokon risiko med det. Geitene mjølkar betre, dei har i gjennomsnitt svært god mjølkekkvalitet og dei har til no hatt minimalt med sjukdom. Det er trivelegare arbeidsforhold i fjøset, og alt tyder på at økonomien blir vesentleg betre.

Kva skjer vidare?

Men vi må koma vidare. Desse sjukdommane er framleis svært utbreidde. Vi veit alle kva det betyr:
- Dårleg dyrevelferd og dårleg økonomi.

Interessa for geit er aukande, og vi må no gjera kva vi kan for å betre helsetilstanden til geitene i Noreg, slik at dei som vil drive med geit i framtida får friske dyr.

Neste steget er kartlegging. Når det er gjort, kan vi gå vidare med planlegging av sjølve saneringa.

- Vi vil ta prøver av tankmjølk for testing av antistoff mot CAE-virus.
- Vi vil teste klinisk negative flokkar for byllesjuke
- Skaffe mest mogeleg informasjon om norske geitebruk og om interessa for smittesanering.

Kan vi vente offentleg støtte i dette arbeidet?

Stortinget har vedteke at smittesanering på geit skal vera ei prioritert oppgåve i tida som kjem. Dette står i St.meld. nr. 12 (2002-2003) om Dyrehold og dyrevelferd.

"Landbruksdepartementet ønsker at følgende punkter prioriteres med sikte på å bedre velferden for geiter.

1. Bedre helse

- a. Landbruksdepartementet vil i samarbeid med næringen bidra til at arbeid med sanering av smittsomme sjukdommer fortsetter med sikte på å få viktige kroniske infeksjonssjukdommer under kontroll eller radert bort. "*

Dette viser at styresmaktene er svært interessert i å bidra i arbeidet med å sanere smittsame sjukdommar på geit. Men det er også nødvendig at produsentane fylgjer opp.

Interessert i friskare geiter?

Til hjelp for å koma i gang med det vidare arbeidet har vi laga eit spørjeskjema. Formålet med spørjeskjemaet kan oppsummerast slik:

1. Hjelp til å førebu planlegging av saneringsarbeidet. Det viktig å vise at det er vilje og interesse for smittesanering blant geiteprodusentar. Det er også viktig å få fram opplysningar om kva det vil koste. Vi vil mellom anna finne ut kor mange dyr det gjeld.
2. Få oversikt over geiteprodusentar som produserer mjølk, kjøtt og/eller fiber.
3. Få oversikt over kombinerte besetningar (storfe, sau og geit).
4. Kartlegge utbreiing av byllesjuke.
5. Kartlegge kven som har kjennskap til om dei har paratuberkulose og/eller CAE .
6. Få oversikt over dei som ligg slik til geografisk at dei kan gå i gang med sanering utan å ta omsyn til naboar.
7. Finne ut kven som er mest interessert i sanering. Også i neste fase må dei mest interesserte bli prioriterte.

Vi vil be dykk alle om å fylle ut skjemaet, og sende det tilbake i vedlagte frankerte svarkonvolutt innan ei veke.

For Helsetjenesten for geit* og smittesaneringsprosjektet "Friskere geiter"

Nils Leine

Er du usikker på utfylling av skjema, ring Nils Leine, tlf 61367240



Spørsmål til geiteeigarar om forhold på garden og ynskje om smittesanering

Produsentnummer: _____

Navn og adresse: _____

Antall vinterfôra mjølkegeit:			
Antall vinterfôra geit for kjøttproduksjon:			
Antall vinterfôra fiberproduserande geit:		Er de med i bukkering?	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
Antall påsette kje:			
Antall vinterfôra sau:		Er de med i vêring?	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
Antall vinterfôra storfe:			

Er sau og geit oppstalla i same rom? Ja Nei

Er storfe og geit oppstalla i same rom? Ja Nei

Er geitene på fellesstøl? Ja Nei Antall bruk på fellesstøl:

Er geitene på fellesbeite eller felles stølsbeite? Ja Nei Antall bruk på felles beite:

Anna type kontakt med sau eller geit? Ja Nei Dersom "Ja", kva slags kontakt: _____

Synest de at de har de mykje sjuke geiter? Ja Nei

Spørsmål om sjukdom på geitene (*Byllesjuke, CAE, paratuberkulose*) Svar **Ja eller Nei**:

Svar "Ja" berre dersom de er sikre på at de har sjukdommen eller teikn på sjukdom.	Byllesjuke <small>(Verkebyllar med tjukt, seigt puss)</small>		CAE <small>(Ledd, lamme, magre)</small>	Paratuberkulose	
	Geit	Sau	Geit	Geit	Storfe
Er sjukdommen i flokken?					
Synlege teikn?					
Mange med synlege teikn?					
Fått melding frå kjøttkontrollen?					
Påvist på laboratorium (<i>Dato eller år?</i>)					
Er det pålagt offentlege restriksjonar?					

Har du høyrte om prosjektet "Friskere geiter"? Ja Nei

Er du interessert i smittesanering i din besetning? Ja Nei

Kva kan vera aktuelt for deg? (*Set kryss i ei eller fleire av rutene*)

1. Snapping av kje	2. Kjøp av friske dyr	3. Slakt av CAE-positive dyr <small>(har ikkje paratuberkulose eller byllesjuke)</small>

Er smittesanering diskutert mellom geiteeigarar i området? Ja Nei

Er det lagt planer for smittesanering i området? Ja Nei

Andre kommentarar (*bruk gjerne baksida eller ekstra ark*):